



**DEN NORSKE KYRKJA**

Øygarden kyrkjelege fellesråd

Kirkerådet

Dato: 30.11.2020

Vår ref: 20/07266-2

Dykkar ref:

## Høyrings svar, kvalifikasjonskrav for vigsla stillingar

Øygarden kyrkjelege fellesråd takkar for høvet til svare på forslag til endringar i kvalifikasjonskrava og prosedyrer for godkjenning for vigsla stillingar.

Øygarden kyrkjelege fellesråd sluttar seg i all hovudsak til forslaga som er lagt fram, og har følgjande merknad:

Tilsette i dei vigsla stillingane er sett til å leie kyrkjelyden sitt arbeid innanfor kvar sine område. Kor fremtredande leiaroppgåvene er, vil variere etter organiseringa lokalt, og vere avhengig av mellom anna storleik på kyrkjelyden, og talet på tilsette og frivillige medarbeidarar.

Leiing av tilsette og/eller frivillige medarbeidarar vil uansett vere ein større eller mindre del av tenesta for tilsette i dei vigsla stillingane. Øygarden kyrkjelege fellesråd meiner på bakgrunn av dette at leiingsfag til ein viss grad bør inngå i kvalifikasjonskrava til dei vigsla stillingane i Den norske kyrkja.

Med helsing

Annlaug Børve  
Kyrkjeverje

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Mottakere:  
Kirkerådet